



16

# Innhald

---

Del I: Styrets årsmelding	4
Del II: Introduksjon til versemda og hvoudtal	6
Del III: Årets aktivitetar og resultat 2016	10
Sektormål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forsking	10
Sektormål 2 - Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling	15
Sektormål 3 – God tilgang til utdanning	16
Sektormål 4 – Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem	17
Midlar tildelt over kap. 281 post 01 – forkurs til opptak lærarutdanninga	19
Del IV: Styring og kontroll i verksemda	20
Del V: Vurdering av framtidsutsikter	24
Sektormål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forsking	24
Sektormål 2 – Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling	28
Sektormål 3 – God tilgang til utdanning	29
Sektormål 4 – Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem	30
Budsjettrammer 2017	32
Del VI: Årsrekneskap 2016	34
Leiingskommentar årsrekneskaperen 2016	34
Årsregnskap 2016 med tilhørende noter	36
Vedlegg: Likestilling og mangfold	60

Volda is the place  
you'll never forget

## Høgskulen i Volda

Postboks 500  
6101 Volda  
Telefon: 70 07 50 00

**Opptak**  
Postboks 114  
6101 Volda

[hivolda.no](http://hivolda.no)  
[facebook.no/hivolda](https://facebook.no/hivolda)  
@hivolda (instagram og twitter)

**Trykk**  
Printing As

**Opplag**  
75 stk.

**Framsídefoto:** Tone Solhaug  
**Foto:** Marius Beck Dahle



## Del I: Styrets årsmelding

### Overordna vurdering av samla resultat og ressursbruk i 2016

Styret har i 2016 hatt 9 styremøte. Strukturprosessen var einaste sak på 2 møte. Strukturprosessen har også vore oppe som orienterings-sak på alle styremøta. Arbeidet med alliansemødelen saman med Høgskolen i Lillehammer og Høgskolen i Molde vart skrinlagt i 2016. Andre viktige saker for styret har vore arbeidet med akkreditering av grunnskulelærarutdanningane (GLU) og arbeid med ny strategiplan for 2017-2020. Strukturprosessen er ei viktig sak også i den komande strategiperioden.

Styret seier seg nøgd med det samla resultatet, ressursbruken og måla som har vorte nådd i 2016.

Haustsemesteret 2016 hadde Høgskulen i Volda 3.848 registrerte studentar. Det er litt færre enn i 2015. Vi prioriterer å rekruttere fleire studentar til GLU.

Tilstandsrapporten for høgare utdanning syner at studentane ved Høgskulen i Volda framleis er blant dei aller beste i landet i å gjennomføre bachelor- og lærarutdanningar på normert studietid. Vi har eit godt studietilbod som møter behovet for livslang læring og gir god tilgang på grunnutdanning og vidareutdanning gjennom gode kombinasjonar av undervisning på høgskulen og undervisning på nett. Høgskulen i Volda er høgskulane med størst internasjonal utveksling. Våre fagtilsette har i mange år publisert klart meir enn gjennomsnittet for statlege høgskular.

Utfordringane er dei same som vi har sett dei siste åra: Vi har få søkerjarar per studieplass samanlikna med gjennomsnittet for høgskulane. Gjennomstrøyminga i masterutdanningane er ikkje god nok. Vi lukkast heller ikkje godt nok med å få tilslag på søknadar på ekssterne midlar.

Styret er ikkje nøgd med resultata for BOA (bidrags- og oppdrag-saktivitet) og gjennomstrøyming i masterutdanningane, og følgjer dette opp.

Det økonomiske resultatet for året er om lag som planlagt. Avsetningane har auka noko, men vi ventar at dei vil minke i 2017 fordi vi har tilsett mange nye fagfolk.

### Tilhøve som har påverka resultata

Strukturprosessen har tatt mykje tid og krefter både i styret og resten av organisasjonen. I mars 2016 hadde vi felles styreseminar med Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF). Styret ved HVO inviterte HiSF til fusjonsforhandlingar, men HiSF takka nei.

Etter dette har HVO inngått ein treårig fagleg samarbeidsavtale med Universitetet i Bergen (UiB). Målet med avtalen er å oppnå høgare kvalitet på forsking og utdanning. Avtalen vil kunne styrke dei fleste fagmiljøa ved høgskulen.

Det har vore stor aktivitet på etter- og vidareutdanning av lærarar og barnehagelærarar i 2016. Denne aktiviteten er både eigenfinansiert gjennom årsstudium og finansiert av stat, kommunar og fylkeskommune. Denne aktiviteten vil fortsette også i åra framover.

Henrik Kaarstad-huset frå 1922 vart ferdig renoveret til studiestart 2015/2016. Vi har med det fått eit undervisningsbygg i tråd med dagens krav når det gjeld ventilasjon, universell utforming og andre tekniske krav.

### Prioriteringar for 2017

Styret vedtok i januar 2017 strategiplanen for åra 2017-2020. Planen

seier at gjennom desse hovudsatsingane skal HVO:

- tilby solide masterutdanninger for grunnskulelærarar og vere hovudleverandør av lærarar til regionen
- vere den leiande yrkesretta medieutdanninga i Norge
- i samarbeid med mellom andre Universitetet i Bergen, Nynorsk kultursentrum og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa – ta eit særleg ansvar for forsking på nynorsk språk og litteratur og sikre nynorsk som fagspråk
- vere i front når det gjeld å utvikle fleksible utdanningstilbod av høg kvalitet
- vidareutvikle studietilbodet på PhD-nivå i sosialfag saman med Høgskulen i Molde (HiM) og satse på tverrfagleg helsefremjande kompetanse

#### Vurdering av høgskulen sine framtidsutsikter og utfordringar

Høgskulen i Volda leverer gode resultat på dei fleste parameter.

I åra 2017-2020 skal HVO utvikle samarbeidet med UiB i tråd med samarbeidsavtalen. Vi skal halde fram med samarbeidet i UH-Nett Vest. HVO skal i planperioden greie ut moglegheiter og utfordringar med å halde fram som ein mindre, veldig skarpt profilert høgskule, men også avklare om det er grunnlag for å fusjonere med andre institusjonar. Særleg skal forholdet til UiB og HiM greiest ut.

Talet på studentar har vore nokså stabilt dei siste fem åra. Søknaden til våre utdanningsområde skil seg i liten grad ut når det gjeld dei nasjonale trendane. Det er auke i søkinga til helse- og sosialfag, samfunnssfag, idrettsfag og administrasjonsfag, medan det er minkande søking til lærarutdanningane og mediefaga. Når det gjeld lærarut-

danningane vil det verte utfordrande å få nok søkerar til å drifta dei nye femårige GLU-utdanningsane og dermed kunne stette regionale og nasjonale behov for gode og mange nok grunnskulelærarar.

I statsbudsjettet for 2017 vart det tatt i bruk ny finansieringsmodell for UH-sektoren. HVO taper på denne omlegginga. For det første har vi mange studentar på årsstudium, noko som gjev HVO dårligare utteljing i den nye finansieringsmodellen. Årsstudium er viktig for etter- og vidareutdanning til lærarar og tilsette i offentleg sektor. Vi må no vurdere korleis dette skal organiserast i framtida.

For det andre taper vi ved at vi har låge bidrags- og oppdragsinntekter. Dette vert brukt som indikator på kontakt med relevans for arbeidslivet. Våre studium har stor kontakt med arbeidslivet blant anna ved at praksis er ein viktig del av alle grunnutdanningane. Men det syner ikkje igjen i BOA-inntekter. Vi har endra både organisasjonen og vår interne budsjettmodell for å auke BOA-inntektene og styret vil følgje dette tett opp framover.

HVO har siste åra arbeidd med ein campusutviklingsplan. Nokre av husa våre har for dårlig kvalitet og er lite fleksible. Dette arbeider vi heile tida for å betre. Vi arbeider no med planar om eit nytt undervisningshus («Sivert Aarflot-huset») der alle mediefaga skal samlast. Vi samarbeider godt med Statsbygg og Volda kommune i dette prosjektet. Vi reknar med at det nye huset vil gje stor fagleg og økonomisk vinst og auke rekrutteringa til mediefaga, som er svært viktig studium ved HVO. Etter tidsplanen vil planane for bygging av det nye huset bli lagt fram i eit regjeringsnotat ved årsskiftet 2017/2018 og stå ferdig i 2020.

Volda, 8.mars 2017, Høgskulen i Volda ved styret

Johann Roppen

Janne Heggvoll

Nikolai Hannevik Nordlid

Terje Heggem

Jens Standal Groven

Kjell-Einar Dagfinrud

Nils Peter Skeide

Kristin Marie Sørheim

Tor Johan Ekeland

Mari Stavdal

Inger Østensjø

## Del II: Introduksjon til verksemda og hovedtal

Høgskulen i Volda (HVO) vart oppretta i 1994 ved at Lærarhøgskulen i Volda og Møre og Romsdal Distrikthøgskule Volda vart slått i hop. HVO er ein statleg høgskule under Kunnskapsdepartementet.

Høgskulen ligg i sentrum av Volda i Møre og Romsdal.

### **HVO sin visjon er Kunnskap for framtida**

Høgskulen i Volda er høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i Møre og Romsdal. Vi gjev fag- og profesjonsutdanninger på bachelor-, master- og Ph.d-nivå for skule og barnehage, velferd, media og kultur.

Strategiplanen for 2017-2020 seier at HVO gjennom følgjande hovudsatsingar skal:

- tilby solide masterutdanninger for grunnskulelærarar og vere hovudleverandør av lærarar til regionen
- vere den leiande yrkesretta medieutdanninga i Norge
- i samarbeid med mellom andre Universitetet i Bergen, Nynorsk kultursentrum og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa – ta eit særleg ansvar for forsking på nynorsk språk og litteratur og sikre nynorsk som fagspråk
- vere i front når det gjeld å utvikle fleksible utdanningstilbod av høg kvalitet
- vidareutvikle studietilboden på PhD-nivå i sosialfag saman med Høgskulen i Molde og satse på tverrfagleg helsefremjande kompetanse

### **Forsking og utvikling (FoU)**

HVO har som mål å drive forsking og utviklingsarbeid med høg kvalitet på ein slik måte at det gir utdanningstilboda eit solid fagleg grunnlag. Høgskulen har 214 faglege årsverk. Over 50 prosent har doktorgrad eller førstekompetanse og denne delen har auka dei siste åra.

Dei strategiske satsingsområda for FoU er nye grunnskulelærarutdanninger (GLU), ny engelskspråkleg masterutdanning i mediefag og Ph.d-utdanninga.

### **Studietilboda**

HVO tilbyr 18 bachelorprogram, fleire lærarutdanningsprogram, ei rekke årsstudium og vidareutdanninger på heiltid, deltid og nett. Bachelorstudentane ved Høgskulen i Volda har to av dei tre siste åra vore best i landet på å gjennomføre studia på normert tid.

Høgskulen har seks mastergrader: Kulturmøte, Sosial- og helsefag, Meistring og myndiggjering, Nynorsk skriftkultur, Samfunnsplanlegging og leiing, Undervisning og læring og Dokumentar og journalistikk. Frå hausten 2017 vil vi tilby åtte masterutdanningsprogram for grunnskulelærarar og ny masterutdanning i praktiske mediefag.

HVO tilbyr Ph.d i helse og sosialfag som ein fellesgrad Høgskolen i Molde.

### **Fleksible studieformer**

Med om lag 1.000 nettstudentar er HVO blant landets største tilbydarar av nettstudium. Høgskulen arbeider kontinuerleg med å legge til rette for livslang læring med høg fagleg kvalitet og stor fleksibilitet i organisering og gjennomføring. Fleksible studieformer gjer det mogleg å kombinere studium og arbeid eller studium og andre aktivitetar.


### **Internasjonalisering**

HVO har eit aktivt og internasjonalt engasjement, og er ein av dei beste i Noreg på internasjonal studentutveksling. Høgskulen har ca 120 utvekslingsavtalar med utdanningsinstitusjonar i over 40 land. Studentar på bachelor og masterstudia har høve til ta eit semester i utlandet. Ved mange av studia er det også mogleg å gjennomføre praksis utanfor Noreg. HVO tek kvart år imot om lag 200 studentar frå heile verda.

1. Det ikoniske Henrik Kaarstad-huset fra 1922 vart i 2016 ferdig renovert innvendig med mellom anna eit nytt ventilasjonsanlegg.
2. Studentsamskipnaden samarbeider tett med høgskulen i Volda og har kontor like ved høgskulen. I 2016 endra samskipnaden namn frå Studentsamskipnaden for Sunnmøre til Studentsamskipnaden i Volda og ny logo kom også på plass.
3. I 2016 presenterte HVO skissene til eit nytt medie- og formidlingshus på campus. Huset vil forsterke Volda sin posisjon innan media og formidling.



# Organisering



i

Høgskulestyret er det øvste organet ved institusjonen. Styret har følgjande medlemmer: Rektor, prorektor, to medlemmer valde blant tilsette i undervisnings- og forskarstilling, eitt medlem valt blant dei teknisk og administrativt tilsette, to medlemmer valde blant studentane og fire eksterne medlemmer. Høgskulen i Volda har vald rektor og rektor er derfor også styreleiar.

Høgskulen i Volda er også verstsinstitusjon for Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa.

## Hovudtal

	2012	2013	2014	2015	2016
Årsverk tilsette inkl. Nynorsksenteret	287	298	305	306	320
Av dette UFF-årsverk	195	200	205	202	214
UFF-tilsette med førstekompetanse	46 %	46 %	47 %	51 %	52 %
Registrerte studentar	3 946	3 893	3 705	3 998	3 848
Registrerte studentar per UFF-årsverk	21,2	20,3	18,9	20,6	18,0
Utvekslingsstudentar, avtalebasert	237	208	164	225	227
Studiepoengproduksjon totalt	2 451	2 440	2 474	2 535	2 544
Publiseringspoeng per UFF-årsverk	0,48	0,36	0,51	0,58	0,53
Doktorgradsdisputasar	4	7	6	5	5
Totale driftsinntekter mill. kroner	299	323	340	353	363
Av dette løyving	273	294	310	319	325

UFF – undervisning, forsking og formidling

60 SPE – ein studieplass er definert som 60 studiepoengeiningar og utgjer ein heiltidsekvivalent

Frå og med 2015 er publiseringspoeng utrekna på ny måte i høve til tidlegare. Publiseringspoeng per UFF-årsverk i 2016 er estimert.

Statistikk knytt til UH-sektoren og dei einskilde institusjonane finn ein samla på: [dbh.nsd.uib.no/](http://dbh.nsd.uib.no/)

## Del III – Årets aktivitetar og resultat 2016

### Sektormål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forsking

#### Styringsparameter KD

- Delen bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid
- Delen masterkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid
- Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år
- Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar
- Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten
- Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk
- Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk
- Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar

*Verksemdmål 1.1: Høgskulen i Volda skal vere høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i regionen og skal vere nasjonalt leiande i yrkesretta medieutdanning. Institusjonen skal gi fag- og profesjonsutdanninger på bachelor-, master- og PhD-nivå for samfunnsutvikling, skule og barnehage, velferd, media og kultur.*

#### Tiltak:

- Samarbeide med regionale og sentrale styresmakter for å gjøre lærarutdanninga meir attraktiv
- Prioritere arbeidet med dei nye Grunnskulelærarutdanningane
- Utvikle nye studie/emneplanar for PPU i tråd med den nye forskrifta. Utvikle fagtilbod som tilfredsstiller inntakskrav til PPU
- Fullføre arbeidet med planlegging av nytt bygg for medieutdanningane

#### Kommentarar:

Alle tiltaka er følgde opp. Dekan på AHL er aktivt med i samarbeidsorgan både på nasjonalt og regionalt nivå. I tråd med forskriftene er det utvikla nye studieplanar for begge GLU-ane. NOKUT har akkreditert nye grunnskulelærarutdanningar 1-7 og 5-10. Det blir arbeidd målretta mot oppstart hausten 2017. Arbeidet med nytt mediebygg er gått over i fase skisseprosjekt som går fram til sommaren 2017. Oppstartmøtet var i Volda i september. Tiltaket er organisert som eit prosjekt med ei brukargruppe og ei styringsgruppe.

*Verksemdmål 1.2: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktiv høgskule både regionalt og nasjonalt*

#### Styringsparametrar:

- Tal sokjarar per studieplass
- Søkning til Høgskulen i Volda gjennom Samordna Opptak
- Tal nye studentar på GLU

#### Tiltak:

- Vidareutvikle rekrutteringsplanen med prioriteringar av lærarutdanningane, sosialarbeidarutdanningane, medieutdanningane og fleksible vidareutdanningar.
- Utvikle nye vevsider
- Bruke studentar meir i dei interaktive sosiale media knytt til rekruttering.
- Gjennomføre forkurs for studentar som ikkje fyller matematikk kravet for GLU
- Utvide mastertilbodet for mediefaga til å gjelde studentar frå alle BA-programma innan mediefag på HVO

## Søkartals- og studentutviklinga for GLU 1-7, 2014-2015:

Lærested	Studiekode	Tid	Utdannings-område + type	Søkader førstevalg	Søkarar tilbod ja-svar	Søkarar møtt
HVO	223 547	2014	GLU 1-7	55	26	26
HVO	223 547	2015	GLU 1-7	49	36	35
HVO	223 547	2016	GLU 1-7	57	20	19

Kjelde: Samordna opptak

### Kommentarar:

Det har vore arbeidd med alle tiltaka, men ikkje alle er fullførte. Nye vevsider tek meir tid enn vi trudde. Kravspesifikasjon er utarbeidd, anbodsrunde er gjennomført og leverandør er valt. Reelt arbeid med iverksetjinga tok til 1.1.2017. NOKUT har godkjent ny master i mediefag. Dette er den første engelskspråklege masteren til HVO.

Tala for søking til GLU1-7 (heiltid) har dei siste åra vore stabile. Dessverre har vi ikkje oppnådd den auken i søkerar vi gjerne skulle sett. Det nye karakterkravet i matematikk var for opptaket 2016 med på å gi oss negativ utvikling i endeleg tal studentar til utdanninga.

Søkartala synte ein framgang i førsteprioritetssøkarar til HVO frå 2015 til 2016. Den nasjonale trenden var nedgang.

På grunn av at fleire av søkerane ikkje stod på forkurset i matematikk, starta vi med færre studentar enn det vi hadde potensial til. Dette var også ein nasjonal trend, og var ikkje særskild for HVO. Vi avvikla forkurset i matematikk med 15 deltararar, der berre 4 deltarar fekk resultatet bestått. Dette resultatet var også nasjonalt. Dette fekk sjølv sagt innverknad på tal studentar på GLU1-7.

Av marknadsføringstiltak i samband med grunnskulelærarutdanningane (også for 5-10) hadde vi følgjande tiltak for opptaket til 2016:

### Utdanningsmesser:

I 2016 deltok vi på utdanningsmesser i Stavanger, Bergen, Oslo, Lillestrøm, Bergen, Ålesund og Trondheim. Både på messa i Bergen,

Oslo, Lillestrøm, Ålesund og Trondheim hadde vi med representantar frå GLU.

### Skulebesøk:

I 2016 deltok vi også på skulebesøk ved alle vidaregåande skular i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. I tillegg fekk fleire studentar moglegheit til å reise tilbake til sine tidlege vidaregåande skular og folkehøgskular.

### Annonsering:

Det vart annonsert både i Google sitt annonseverktøy og i regionale medium retta mot GLU. Særleg gjennom Google sitt annonseverktøy fekk vi svært mange klikk inn på nettsidene.

### Studiekatalogen:

Frå 1. februar til 15. april 2016 hadde GLU desidert flest unike besøkande av alle våre studietilbod i studiekatalogen vår på nett:

1.-7: 3566 unike treff

5.-10: 2194 unike treff

### Facebook:

Det vart også annonsert på Facebook der vi målretta annonseringa mot alder og geografi.

Vi prøvde å vere synlege både regionalt og nasjonalt, og nytta oss i sterkare grad enn tidlegare av sosiale medium og nettannonsering. Annonseringa vart knytt til aldersgruppe og interesser osv.

*Verksemdmål 1.3: Høgskulen i Volda skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.*

#### **Styringsparametar:**

- Gjennomføring på normert tid
- Kvalitative:
- Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma

#### **Tiltak:**

- Starte arbeidet med å utvikle ein søknad om Senter for framifrå utdanning for medieutdanningane i samarbeid med Universitetet i Bergen
- Tilby kurs i akademisk skriving
- Motivere for deltaking i Studiebarometeret
- Gi tilbod om kurs i digital kompetanse i høgare utdanning til fagleg tilsette
- Gjennomføre brukarundersøkingar om studentvelferd, programevalueringar og studentsørvis
- Samarbeide med eigarane av bygga våre om universell utforming og tilby studentane arbeidsplassar tilpassa ulike behov
- Auke talet på digitale eksamensavviklingar
- Gje studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid
- Målretta innsats for å utvikle/ auke kvaliteten på dei nettbaserte studia våre
- Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar
- Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten

#### **Kommentarar:**

Det har vore arbeidd med alle tiltaka. AMF sökte om SFU åleine i 2016 sidan UiB takka nei til å vere med. Vi fekk god tilbakemelding på søknaden sjølv om den ikkje vart innvilga og arbeider vidare med eit mål om å få SFU om fire år. Det vert ei strategisk vurdering i løpet av prosessen om vi skal gjere dette åleine, saman med UiB eller ha ein breiare partnarskap i ein SFU.

IT-kontoret har tilbydd meir enn 30 kurs i digitale verktøy retta mot forsking, e-læring og generelle IT-kurs. Det er gjennomført studieprogramevaluering av to BA-program i år. Vi har nettopp vore gjennom samlokalisering av Studentsørvis, og har difor ikkje hatt høve til å gjennomføre eigne brukarundersøkingar blant studentane i

2016. I studiebarometeret ser vi at studieadministrasjonen skårar over gjennomsnittet når det gjeld kor tilfredse studentane er med dei studieadministrative tenestene.

I 2016 vart det arbeidd systematisk for å auke deltakinga i Studiebarometeret. Resultatet var at vi fekk ein svarprosent på 76 - noko som er nest best i landet.

HVO har i 2016 gjennomført eit vellukka prøveprosjekt med digital eksamen. Vi har hatt over 70 % digital eksamensgjennomføring hausten 2016. Det blir arbeidd målretta med å utvikle kvaliteten på nettstudia. AKF har fått støtte frå Norgesuniversitetet til dette arbeidet. Våren 2017 skal ein starte eit prosjekt om innføring av nytt LMS (Learning Management System) der eit av måla er å auke studiekvaliteten.

Heiltidsstudentane ved HVO bruker 29,4 timer per veke på studia sine. Det er mindre enn landsgjennomsnittet på 35,3, men det er meir enn i 2015 (28,5). HVO-studentane si oppfatning av den generelle studiekvaliteten (alt i alt nøgd med studieprogrammet eg går på) ligg på 4,1, noko som er likt med landsgjennomsnittet.

I samband med renoveringa av Kaarstad 1922 vart det gjennomført eit stort løft for universell utforming. Alle klasseroma har fått hev og senk kateter, teleslynge, mikrofon og motorpumpe.

*Verksemdmål 1.4: Høgskulen i Volda skal oppnå betre FoU-resultat ved god tilrettelegging.*

#### **Styringsparametar:**

- Tal nasjonale publiseringspoeng
- Tal nasjonale publiseringspoeng pr fagtilsett
- Tal fagtilsette som publiserer

#### **Tiltak:**

- Revidere FoU-planen
- Leggje til rette for bolkelegging av FoU-ressursar
- Vidareføre ordninga med professorstipend
- Gi tilbod om at tilsette i fagstilling får kople seg til forskargrupper
- Tilsette professorar bør ha ein del av stillinga til forskingsrettleiing
- Kollegarettleiing skal nyttast for å hjelpe nytilsette med å kome i gang

- Opprette forskingsgruppe på nynorskfeltet saman med Universitetet i Bergen
- Etablere ei eining rundt språksamlingane i lag med Universitetet i Bergen
- Stimulere tilsette til å ta del i nasjonale og internasjonale forskarnettverk gjennom til dømes NFR- og EU-programma
- Styrke kompetansen/ressursane i søknadsskriving gjennom rettleiing
- Nytte såkornmidlar til å stimulere utviklinga av FoU-prosjekt

#### Kommentarar:

FoU-plan vart ikkje revidert sidan styret vedtok at den skal vere ein integrert del av HVO sin nye strategiplan. Elles blir tiltaka stort sett følgde opp. Men arbeidet med å etablere forskingsgrupper tek lengre tid enn forventa. Det har heller ikkje vorte halde eigne kurs i søknadsskriving det siste året, delvis på grunn av omorganiseringa av BOA-verksemda. HVO er representert i styringsgruppa for Språksamlingane. Det blir arbeidd med å etablere ei forskingsgruppe på området. Satsingsmidlar vart i 2016 vridd i retning av å fungere som såkornsmidlar for langsiktig søknadsarbeid.

*Verksemål 1.5: Høgskulen i Volda skal syte for god gjennomføring av forskarutdanninga.*

#### Styringsparametrar:

- Del uteksaminerte kandidatar tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare
- Tal doktorgradsdisputasar

#### Tiltak:

- Leggje til rette for gode forskingsmiljø med felles seminar og rettleiing for stipendiatare
- Sikre kvaliteten på kandidaten gjennom intervju ved tilsetting, der vi formidlar krav og forventningar, og sjekkar motivasjon og drivkraft
- Leggje til rette for at stipendiatar kan ha kortare eller lengre utanlandsopphold

#### Kommentarar:

Alle tiltaka blir følgde opp. HVO har saman med Høgskolen i Molde landets første felles doktorgradsutdanning. Utdanninga har allereie 16 kandidatar. Det er etablert avhandlingsforum med regelbundne møte og interne prøveførelsingar før disputasar. Det har også vorte

halde datakurs for stipendiatar i bruk av relevante dataprogram. Alle stipendiatar og professorstipendiatar som har søkt om midlar til lengre utanlandsopphold har fått det.

*Verksemål 1.6: Høgskulen i Volda skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane*

#### Styringsparametrar:

- Tal på utvekslingsstudentar – inn- og utreisande
- Tal på engelskspråklege studietilbod
- Kvalitative: Alle studentar skal kunne få ein internasjonal komponent i utdanninga og velje mellom relevante tilbod for praksis- og studieopphald i utlandet.

#### Tiltak:

- Vise til internasjonal forsking og litteratur og gjøre studentane medvitne om at dei etter studiet skal arbeide i eit fleirkulturelt samfunn
- Oppretthalde talet på innreisande utvekslingsstudentar og sikre kvaliteten på studentane
- Auke talet på utreisande utvekslingsstudentar, spesielt for praksis i utlandet
- Leggje til rette for og kvalitetssikre studieopphald ved utanlandske lærestader
- Utvikle tettare samarbeid med utvalde utanlandske lærestader (strategiske partnarar)
- Utvikle fleire engelskspråklege emne og justere eksisterande emne etter etterspurnad
- Kvalitetssikre og auke informasjon på engelsk om HVO (studietilbod, FoU og annan aktivitet)
- Auke talet på søknader om midlar frå internasjonale utdannings- og forskingsprogram
- Utvikle ein nordisk fellesmaster med Åbo Akademi og Teologiska Högskolan Stockholm
- Samarbeide med Cardiff University om PhD
- Sikre kvaliteten i det faglege og administrative arbeidet retta mot internasjonale studentar ved HVO
- Synleggjere betre internasjonal aktivitet ved HVO internt og til omverda

#### Kommentarar:

Internasjonalt kontor arbeider godt og har stor aktivitet. Men ikkje alle tiltaka er følgde opp. T.d. er arbeidet med å utvikle ein nordisk

felles master lagt på is ettersom Teologiska Högskolan Stockholm ikke klarte å levere dei emna dei hadde lova inn i den planlagde fellesgraden. Utvikling av tettare samarbeid med utvalde utanlandske lærestader (strategiske partnarar) er ikke blitt prioritert.

Kvalitetssikring og auka informasjon på engelsk om HVO (studietilbod, FoU og annan aktivitet) er ikke følgje opp. Grunnen til det er at heile høgskulen ventar på avklaring om nye nettsider og systemet som skal brukast for å bygge desse nettsidene. Alle studieprogram har mange internasjonaliseringsskomponentar, men vi må prøve å jobbe med nokre studieprogram der det er avgrensa internasjonalisering. Vi har ein liten auke i talet på innreisande studentar. For å sikre god kvalitet på innreisande studentar har vi sagt opp nokre av avtalane våre og er i kontinuerleg kontakt med emneansvarleg for dei ulike engelskspråklege emna for å forsikre oss om at innreisande studentar held nivå. Når det gjeld utreisande, så har ikke tala auka slik vi hadde håpa. Men vi ser at nye studieprogram vert meir aktive på utvekslingsfronten. Det er kanskje like viktig som at ein totalt sett går fram. Spesielt innan lærarutdanning og barnehagelærarutdanning har vi eit stort potensial for å auke talet på utreisande studentar. Vi er difor i dialog med desse studieprogramma for å sjå korleis vi kan auke talet på utreisande studentar. Den nasjonale sty-

ringsparameteren - utreisande utvekslingsstudentar i Erasmus+ av totalt tal studentar - viser ikke den store aktiviteten vi har knytt til internasjonalisering og studentutveksling. Vi har mange studentar som reiser ut på bilaterale avtalar, og vi har mange innreisande studentar.

Internasjonalt utval har tildelt full støtte til utvikling av nye emne på engelsk dei siste åra. I 2016 er det er spesielt Avdeling for Kulturfag (AKF) som har fått økonomisk støtte til å opprette nye engelske emne. Studentevalueringane dei siste par åra viser at ca. 90 % av dei internasjonale studentane er veldig nøgde med studieophaldet ved HVO.

#### Kommentar til tabell sektormål 1

Vi nådde ikke målet når det gjeld tal sokjarar i Samordna opptak og opptak til GLU. Vi vil heller ikke nå kandidatmåltalet for GLU 1-7. Mål på tal primærsokjar per studieplass er nådd.

Ambisjonsnivået på utreisande studentar vart sett på grunnlag av gammal indikator som omfatta alle utreisande. Ny indikator omfattar berre Erasmus+. Vi har like mange utreisande som før, men har gått noko ned på Erasmus+.

Tabell til sektormål 1	Resultat						Ambisjons-nivå
	2012	2013	2014	2015	2016	2016	
Talet på primærsokjarar i samordna opptak	1 496	1 196	1 247	1 200	1 169	1 300	
Talet på primærsokjarar per studieplass	1,3	1,4	1,3	1,3	1,6	1,6	
Oppnak til GLU	84	84	90	87	70	100	
Del utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar				1,5 %	0,9 %	1,5 %	
BA-kandidatar gjennomføring på normert tid				62 %	65 %	68 %	
MA-kandidatar gjennomføring på normert tid				11 %	17 %	40 %	
Publikasjonspoeng per fagleg årsverk	0,48	0,36	0,51	0,58	0,53	0,58	
NFR-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1.000 kr)	19,4	17	13	12	13	15	
Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk							
Delen ph.d. -kandidatar som gjennomfører innan seks år			45 %		75 %	75 %	

## Sektormål 2 - Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

### Styringsparameter KD

- Delen masterkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning
- Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk
- Andre bidrags- og oppdragsinntekter utanom EU og forskningsrådet per fagleg årsverk
- Talet på forretningsidear per fagleg årsverk

*Verksemdmål 2.1: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktivt samarbeidspartner i regional utvikling, innovasjon og verdiskaping.*

### Tiltak:

- Samarbeide tett med regionale og nasjonale aktørar om kompetanseheving og utviklingsarbeid
- Utvikle tilbod som kan vere ei hjelpe til å møte den store flyktningstraumen som brått har kome til landet
- Vidareutvikle Seanse – senter for kunstproduksjon i samarbeid med KD, KUD og Møre og Romsdal fylke
- Arrangere nyskapingsseminar saman med Sunnmøre Kulturnæringshage og følgje opp nye forretningsidear baserte på forsking og nyskapande studentarbeid
- Arbeide for etablering av kunnskapspark i Volda
- Vidareutvikle Ut i jobb-dag i samarbeid med kommunane i regionen
- Tilby kurs i prosjektstyring for fagleg tilsette
- Vurdere å etablere eit senter for innovasjon i velferdstenestene og helsesektoren i lag med kommunane i regionen
- Utvikle Forskningsforum Møre som arena og nettverk for auka samarbeid mellom FOU-miljøa i Møre og Romsdal

### Kommentarar:

Tiltaka blir følgde opp. AKF har inngått avtale om utvikling og gjennomføring av undervisningsopplegg med Teknologiskulen i Ulstein. Barnevern i eit minoritetsperspektiv (vidareutdanning)

er etablert i samarbeid med Høgskolen i Lillehammer. Sunnmøre Kulturnæringshage har fått prosjektmidlar frå Møre og Romsdal fylke. HVO deltek i styringsgruppa med to dekanar, to fagtilsette og ein student. Vi har også støtta prosjektet med strategiske midlar. Forskningsforum Møre og Råd for samarbeid med arbeidslivet i Møre og Romsdal er under omdanning på grunn av strukturendringane i sektoren. Det er i dag uklart kva som blir framtidige strukturar.

*Verksemdmål 2.2: Høgskulen i Volda skal tilføre samfunnet resultata frå FoU-verksemda gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt.*

### Styringsparametrar:

- Tal konferansar/seminar
- Tal interne FoU-poeng

### Tiltak:

- Halde fram med Forskningsdagane for å synleggjere FoU-verksemda
- Stimulere fagtilsette gjennom internt poengsystem til å drive foredragsverksemdu, fagleg og populærvitenskapleg formidling og kritisk debatt om aktuelle samfunnsspørsmål
- Vidareutvikle nettsidene til formidling av sentrale forskingsprosjekt, faglege ressursar og publikasjonar
- Arrangere fagkonferansar og seminar med utspring i forskingsverksemda i samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale aktørar
- Tett samarbeid med regionale aktørar om formidling av FoU-verksemda vår i regionale arrangement.
- Stimulere til publisering i opne kanalar

### Kommentarar:

Alle tiltaka er følgde opp, men vi har ikkje fått søknader til Open Access. Fleire nasjonale konferansar er arrangerte i samarbeid med eksterne aktørar, t.d. Norske historiedager 2016 og Kommunikasjonsforeningens Høstseminar.

Tabell til sektor mål 2	Resultat						Ambisjons-nivå
	2012	2013	2014	2015	2016	2016	
Andre BOA-inntekter utanom NFR og EU per fagleg årsverk (ny)	47	46	58	75	103	80	
Bidragsinntekter NFR per fagleg årsverk (ny)	19	17	13	12	12	20	
Mottekne forretningsidear per fagleg årsverk (ny)	0,01	0,02	0	0	0	0,04	

## Sektormål 3 – God tilgang til utdanning

### Styringsparameter KD

- Kandidattal på lærarutdanningane , jf. måltal - ny

**Verksemdmål 3.1:** Høgskulen i Volda skal utvikle fleksible utdanningstilbod i samarbeid med regionale og nasjonale aktørar.

### Styringsparametrar:

- Eksternt finansierte studiepoeng
- Tal fleksible etter- og vidareutdanningstilbod

### Tiltak:

- Utvikle dei nye EVU stillingane som no er knytte til dei ulike avdelingane.
- Utvikle gode tilbod og drive aktiv marknadsføring på dei tilboda vi har fått tildelt innan ordninga Kompetanse for kvalitet.
- Samarbeide med regionale organisasjoner og etatar (kommunar, fylke, fylkesmann, NAV) om å arrangere kurs- og undervisningsopplegg knytte til velferds- og sosialtenester, leiing, om- sorg, utdanning
- Gjere førelesingar og anna læringsstoff tilgjengeleg for studenter via internett, og vidareutvikle produksjons- og distribusjonsformer for dette
- Styrke den pedagogiske kompetansen og betre infrastrukturen for å leggje til rette for fleire former for fjernundervisning
- Oppmøde avdelingane til å setje av ressursar til eksternt arbeid som ein naturleg del av HVO sine oppgåver på line med forsking og formidling

### Kommentarar:

Det blir arbeidd med alle tiltaka. EVU-stillingane er relativt nye, men på AHL er dei allereie godt innarbeidde. Dei andre er i ferd med å utvikle rutinar for bruk av denne ressursen. HVO fekk tildelt 10 tilbod innan Kompetanse for kvalitet. Tre kom ikkje i gang på grunn av låg søkering. ASH driv med omfattande leiaropplæring både i privat og offentleg sektor.

Lærermiddel vert hovudsakleg formidla til studentane gjennom læringsplattforma. Talet på undervisningstimar som har blitt tatt opp på video er femdobla dette året. Det blir også arbeidd mykje med å styrke den pedagogiske kompetansen og betre infrastrukturen for å leggje til rette for fleire former for fjernundervisning. Støttemiljøet ved IT-kontoret er organisert i team med ulik og komplementær kompetanse slik at ein gir både teknisk og pedagogisk rettleiing. Teknisk infrastruktur er ein føresetnad for bruk av teknologi i utdanninga. Det har vore arbeidd med å utbetre undervisningsrom for å leggje til rette for digitale læringsformer. Vi har også innreidd spesi- alrom tilpassa nye undervisningsformer og prosjektert eit studio der fagleg tilsette kan gjere opptak av undervisningsfilmar. Opplæring av fagleg tilsette i digitale verktøy i undervisninga er gjennomført. Vi har også pilotmidlar som blir løyvde for å stimulere til auka bruk av digitale verktøy i opplæringa og til kompetanseutvikling mellom tilsette.

Tabell til sektor mål 3	Resultat					Ambisjons- nivå
	2012	2013	2014	2015	2016	
Tal fleksible studietilbod			70	68	65	70
Tal eksternt finansierte studentar	262	245	188	260	315	260
Tal studentar fjernundervisning		1 082	1 016	914	1 019	1 000
Kandidattal lærarutdanningane				197	154	191
Kandidattal GLU 5-10					28	20
Kandidattal GLU 1-7				22	20	43
Kandidattal BLU					75	54
Kandidattal PPU				72	60	60

## Sektormål 4 – Effektiv, mangfoldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem

### Styringsparameter KD

- Talet på studiepoeng per fagleg årsverk
- Delen kvinner i dosent- og professorstillingar
- Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar

### Tiltak:

- Arbeide systematisk og kontinuerleg for å sikre god planlegging og oppfølging gjennom tenlege budsjetteringsverkty
- Gjennomføre forslag til tiltak etter prosjekt knytt til interne tidstjuvar
- Vidareføre og forankre arbeid med system for internkontroll i organisasjonen
- Tilby modulbasert leiaropplæring
- Forbetre intern kommunikasjon og kunnskapsdeling gjennom ny vev
- Leggje til rette for systematisk samarbeid mellom avdelingane og fellesnivået om betre kvalitet og auka effektivitet i oppgåveløysingane
- Samarbeide med biblioteka i UH-nett Vest om kompetansehevingstiltak og effektiv ressursutnytting gjennom felles løysingar

### Kommentarar:

Tiltaka blir følgde opp. Arbeidet med langtidsbudsjett er i gang. Når det gjeld arbeidet med tidstjuvar er følgande tiltak prioriterte: Opprette brukargrupper (SAP, Agresso, søkjark/studentdata), opprette 1.linje-støtte IT, auke bruk av digitale skjema og innføre elektronisk signatur. Ei arbeidsgruppe har utgreidd moglege løysingar for internkontroll-system ved HVO. Styret vedtok retningslinjer for internkontroll i desember 2016, og tilrådingar frå gruppa vert følgde opp. Aktuelle reglar og rutinar er i stor grad utarbeidde, men det er behov for å etablere dokumenthierarki som gir oversikt og betre dokumentering av internkontrollarbeidet. Dette arbeidet er no i gang. Vi ser også at dette arbeidet er nært knytt til arbeidet med auka effektivitet og kvalitet i oppgåveløysingane. Vev-prosjektet si framdrift er etter planen. Biblioteket deltek aktivt i UH-Nett Vest si bibliotekgruppe. Vi følgjer kompetansehevingstiltaka som vert arrangert av gruppa, og det utvekslast nyttige erfaringar med tanke på effektiv ressursutnytting.

*Verksemål 4.2: Høgskulen i Volda skal gjennom personalpolitikken medverke til eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø.*

### Styringsparameter:

- Del førstestillingar av totalt tal undervisnings- og forskingsstillingar
- Del kvinner av tilsette med førstekompetanse
- Tal kvinner i toppstillingar
- Del mellombels tilsette i fagstillingar
- Gjennomsnittleg sjukefråvær per år

### Tiltak:

- Halde oppe satsinga på kompetanseheving for alle tilsette
- Følgje opp styrevedtak for å sikre toppkompetanse
- Vidareføre incentivordning for fast tilsette som ønskjer å ta doktorgrad
- Tilby professorstipend
- Vurdere særskilte tiltak for å auke del kvinner i toppstillingar
- Gje tilbod om ulike kurs i høgskulepedagogikk til alle tilsette i undervisings- og forskingsstillingar
- Syte for systematisk og god oppfølging av arbeidsmiljøkartlegginga ARK
- Revidere personalpolitisk plan
- Sikre medverknad i diskusjonar kring framtida for høgskulen hos tilsette
- Systematisk opplæring innan prioriterte HMS- område

### Kommentarar:

Dei fleste tiltaka er følgde opp, men det er ikkje organisert tradisjonelle høgskulepedagogikk-kurs for tilsette ved HVO i 2016. Desse kursa vart tidlegare arrangerte i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Påmeldinga berre frå eigen institusjon vart for liten. Dekanane vil drøfte kvar vegen går vidare, til dømes samarbeid med UiB, som har eit stort UH-pedagogisk miljø. Det vart arrangert eit seminar over to dagar om rettleiing for alle tilsette i september med rundt 50 deltakrar.

Handlingsplan for likestilling og mangfold og styrevedtak for å sikre toppkompetanse dannar grunnlag for arbeidet med rekruttering og kompetanseheving på avdelingsnivå. Mellom anna har tilsette i 2-år stilling i oppgåve å rettleie/støtte tilsette som arbeider med systematisk kompetanseheving. Per dato er det 10 faste tilsette som er i doktorgradsløp på intern ordning, derav 8 kvinner.

Det er gjort eit omfattande oppfølgingsarbeid etter arbeidsmiljøkartlegginga ARK som vart gjennomført i årsskiftet 2015/2016. Alle einingar har utarbeidd handlingsplanar og bedriftshelsetenesta er involvert i oppfølginga der det er ønskeleg. Arbeidet med personalpolitisk plan held fram. I 2016 har partane forhandla personalreglement. Det vil bli fremja ei samla sak for styret når alle delar av den personalpolitiske planen er klare. Det er gjennomført opplæring på følgande område: medarbeidarsamtalar, ROS-analysar på beredskapsområdet, AKAN-arbeid, førstehjelp med hjertestarter og studentar med psykiske vanskar.

*Verksemål 4.3: Høgskulen i Volda skal gjennom organisasjonskultur og planverk ha god kompetanse som stettar krav til samfunnssikkerheit og beredskap.*

### Tiltak:

- Gjennomføre ROS-analyser på utvalde område
- Gjennomføre og evaluere varslingsøving og krisøving
- Kontinuerleg evaluering av beredskapen for studentar i utlandet
- Halde fram med kurs for studentar om trygg ferdsel i naturen

- Evaluere og utvikle bruken av interne system til varsling i samband med kriser
- Halde fram arbeidet med fornying av infrastruktur for nettverk og oppfølging av ROS-analyser
- Ha gode arenaer for læring knytt til kriser og beredskap i organisasjonen
- Halde seminar om beredskap saman med politiet i samband med studiestart hausten 2016

**Kommentarar:**

Alle tiltaka er følgde opp. Det er gjennomført ROS-analysar på områda sikker digital post, rekneskap og reiserekningar, omdømme, terror/tilsikta vondsinna handlingar, samt utvalde område knytt til informasjonssikkerheit og IT-drift. Varslingsøving via SMS er gjennomført og evaluert for tilsette, øving som også inkluderer studenter med ny løysing er planlagt i første kvartal 2017. Nytt aggregat for naudstraum er operativt, og det er lagt meir fiber på campus for å auke redundans i nettet.

\* Publikasjonspoeng for 2016 er estimert. **X**: Tal enkeltstudiepoeng, ikkje 60-poengeiningar

Tabell til sektormål 4	Resultat					Ambisjons-nivå 2016
	2012	2013	2014	2015	2016	
Driftskostnader per avgelde 60-studiepoengeining (1 000 kr)	122	125	133	133	141	140
Driftskostnader per publikasjonspoeng (1.000 kr)	3 317	4 458	3 324	3 027	3 461	3 380
Tal studiepoeng per fagleg årsverk	758	727	22	749	700	750 <b>X</b>
Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på tilsette i administrative stillingar	2,3	2,4	2,2	2,1	2,2	2,3
Del førstestillingar av totale undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar	45 %	46 %	47 %	50 %	52 %	55 %
Del kvinner med førstekompetanse	32 %	36 %	37 %	39 %	39 %	45 %
Del mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar				12,4 %	12,8 %	10,0 %
Tal kvinner i toppstillingar	2,0	1,7	1,5	3,7	4,5	6,0
Gjennomsnittleg sjukefråvær	4,3 %	5,3 %	3,5 %	4,9 %	4,4 %	4,0 %

## Midlar tildelt over kap. 281 post 01 - forkurs til opptak lærarutdanninga

29 studentar meldte seg på forkurset, 4 av desse trekte seg og vidare var berre 16 av dei kvalifisert til å ta kurset. 15 av desse gjekk opp til eksamen, og 4 av dei stod. Med ståkarakter er det her meint at dei viser ein kompetanse som tilsvavar karakteren 4 eller betre på eksamen. Eksamens var laga sentralt, og lik for heile landet. På landsnivå stod 118 av 485 studentar (24 %).

Vi gjennomførte undervisinga i fire veker sommaren 2016. Kvar veke hadde fire dagar med undervising (måndag til torsdag), og ein dag med sjølvstudium (fredag). Undervisinga veksle mellom gjennomgang av teori og arbeid med oppgåver. Kvar dag med undervising hadde vi gjennomgang av teori med ein av faglærarane på HVO eller

ein matematikkklærar frå ein vidaregåande skule i regionen. Etter lunsj hadde studentane arbeid med oppgåver med ein sterk matematikkstudent som rettleiar. Faglærar valde ut tilrådde oppgåver, og diskuterte desse med studenten som hadde ansvar for oppgåvearbeitet. Samla sett fekk studentane ved HVO mykje undervising og oppfølging frå faglærar og andre ved HVO.

I arbeidet støtta vi oss også til mange nettressursar som er utvikla spesielt til dei to matematikkemna forkurset skulle vere ei erstatning for. I tillegg anbefalte vi studentane å spørje faglærar om hjelp langs med, og faglærar var tilgjengeleg gjennom heile dagen. Vi anbefalte også studentane å delta på ein matematikk mooc i regi av Universitetet i Tromsø.



## Del IV: Styring og kontroll i verksemda

### Overordna vurdering

HVO nyttar mål- og resultatstyring som sitt grunnleggjande styringssprinsipp. Krav om internkontroll i økonomiregelverket skal vere ein løpende prosess integrert i mål- og resultatstyringa. Løysing for internkontroll skal tilpassast storleik, kompleksitet, risiko og kva som er vesentleg. Høgskulen viser til at samla måloppnåing er god, jf. årsrapport del III.

Følgjande moment skal normalt inngå i vurdering av opplegg for styring og kontroll i verksemda:

- om fastsette mål og resultatkrev vert nådd
- om ressursbruken er effektiv
- om lover og reglar vert haldne
- om resultat- og rekneskapsinformasjonen er relevant og påliteleg
- om vesentleg styringssvikt, feil og manglar vert avdekkja og handtert
- om internkontrollen er dokumentert

Basert på den kunnskapen vi har, stadfestar HVO at

- høgskulen har etablert system, rutinar og tiltak for internkontroll med vekt på faktorane som går fram av «Bestemmelser om økonomistyring i staten» punkt 2.4.
- høgskulen gjennomfører intern kontroll og følgjer opp eventuelle avvik
- høgskulen oppfyller krav som går fram av «Reglement for økonomistyring i staten» §4 og §14

Høgskulen har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen siste åra.

I samband med nye krav til internrevisjon i staten som kom i 2015, vart det vedtatt i styret i Sak 30/16 at Høgskulen i Volda førebels ikkje skal etablere ein internrevisjon, men heller bruke ressursar på å få eit høgare kvalitetsnivå på internkontrollsystemet.

Høgskulen i Volda ligg i det nedre sjiktet både når det gjeld storlek, kompleksitet og risiko. Høgskulen har rimeleg god kontroll og styring med verksemda, men kan bli betre med ein meir heilskapleg systematikk. Aktuelle reglar og rutinar er i stor grad utarbeida, men det er behov for å etablere eit dokumenthierarki som gir oversikt og betre dokumentasjon av internkontrollarbeidet. Dette arbeidet er i gang.

Mange av dei administrative oppgåvene er samla i fellesadministrasjonen for å gjere prosessar mindre sårbar. Tilsetjingane dei siste åra viser god tilgang på godt kvalifiserte søkjrar, og mange av dei som er tilsett har kompetanse på masternivå samt god og relevant praksis både frå offentleg og privat sektor. Høgskulen har også gode ordningar for kompetanseheving for administrativt tilsette.

Internkontrollarbeidet er også eit ledd i å sikre administrativ forvalting av god kvalitet og låg risiko. Høgskulens vurdering er dermed at ein har kapasitet og kompetanse til å gjennomføre den administrative forvaltinga med god kvalitet.

### Tiltak for avbyråkratisering og effektivisering

Reduksjon i løyyinga knytt til avbyråkratisering og effektivisering er følgde opp gjennom bevisstgjering og prioriteringar i budsjettarbeidet, eige prosjekt knytt til interne tidstjuvar og ved dialog med leiarar og tillitsvalde om kva tiltak som bør prioriterast.

I budsjetteringsarbeidet har vi hatt merksemda særleg retta mot bemanningsbehov på dei enkelte einingane i tida framover då lønskostnader utgjer den største delen av utgiftene våre.

I arbeidet med dei interne tidstjuvane har vi sett på korleis vi kan forenkle og forbetre arbeidsprosessar som samstundes gir like gode eller betre tenester. Den systematiske kartlegginga i 2015 førte til ei prioritert tiltaksliste som vart sett i verk i 2016. Vi har primært arbeidd med administrative prosessar i alle ledd, og det vart identifisert

fleire område med potensial for effektivisering, kvalitetsforbetring og reduksjon av risiko:

- Informasjon/kommunikasjon
- System-bruk – ikkje optimal, brukar ikkje fullt ut dei funksjonar som er tilgjengelege
- Opplæring
- Arbeidsflyt

Mange av framlegga til tiltak er sett i verk som ein del av kontinuerleg forbetring på dei ulike områda, medan andre tiltak har kravd meir samordning mellom einingane og felles innsats.

I 2016 har HVO prioritert desse tiltaka: innføre IT-førstelinjestøtte med eige kontaktnummer og lokalisering sentralt for alle tilsette og studentar, opprette brukargrupper for ulike system, auke bruken av digitale skjema, samt innføre elektronisk signatur. Vi har også brukt ressursar på ny vev-løysing og teke steg i retning av nytt LMS-system.

Det er gjennomført ei kartlegging av gevinstar knytte til effektiviseringstiltak i 2016. Alle einings-leiarar har fått høve til å uttale seg, og resultatet syner at 90 % har teke i bruk nye digitale løysingar som har bidrege til effektivisering siste året. Alle rapporterer om auka kompetanse i bruk av digitale system, og 80 % meiner dette har medført betre kvalitet i moderat eller stor grad.

Når det gjeld endringar i manuelle arbeidsoppgåver, formidlar rundt halvparten at ein del oppgåver har blitt erstatta av IT-system eller blitt flytta internt i verksemda. 80 % svarar at manuelle arbeidsoppgåver har blitt forenkla på grunn av endringstiltak i 2016 og at dette har medført betre kvalitet i moderat eller stor grad.

Tiltaka sett under eitt har i mindre grad ført til redusert tidsbruk, berre 20 % meiner det har ført til moderat reduksjon i tidsbruk. Tiltaka har derimot medført redusert risiko i oppgåveutføringa i noko eller stor grad, ifølgje 60 %.

Dialogen med leiarar, tilsette og organisasjonane held fram, og det er semje om å prioritere følgjande område i 2017: Rom-utnytting, forbetre bruk av eksisterande system for å auke ressursutnytting og kvalitet, behovskartlegging ved vurdering av tilsetjingar, samt vurdering av moglegheiter for meir samkøyring på undervising og andre faglege aktivitetar.

### Tryggleik og beredskap

HVO har i fleire år hatt ei sentral tryggleiksgruppe og ei IT/drifts-tryggleiksgruppe som støttefunksjon og pådrivar for systematisk HMS-arbeid. Gruppene har hatt jamlege møte i 2016, til saman 11 møte. To representantar frå gruppene deltok på KD sin konferanse om samfunnstryggleik og beredskap.

Det vert arbeidd systematisk med ROS-analysar på relevante område. Også i 2016 er det gjennomført ein ROS-analyse på beredskapsområdet for å sikre brei forankring og auka medvit i organisasjonen. Årets tema var knytt til konsekvensområda pågåande livstruande vald og omdømme. Analysane er følgde opp med informasjonstiltak og oppdatering av tiltakskort.

Ved studiestart hausten 2016 vart det arrangert eit samarbeidsseminar med politiet. I samband med planlegging av Fadderveka vart det og gjennomført ROS-analyse. Beredskapsplanen er revidert og det vart gjennomført kriseøving i desember samt ei kriseøving for telefonstab.

HVO nyttar fleire eksterne digitale tenester og ved innføring av nye tenester har vi utført eigne målretta ROS-analysar.

Styringssystem for informasjonssikkerheit vart vedteke av høgskulestyret i desember 2015. Styringssystemet er tilpassa HVO, og det har vore eit klart mål at systemet skal vere mest mogeleg kortfatta og presist, men samstundes dekkande for arbeidet med informasjonstryggleik i verksemda.

HVO har arbeidd for å sikre seg mot ekstraordinære hendingar knytt til drift og tryggleik. Vi har etablert to datarom med god redundans på lagring av data og datakraft. Vi har investert i eige straumaggregat som sikrar straumtilførsel til datarom og anna viktig infrastruktur. Det er utarbeidd tiltakskort for handtering av ulike hendingar.

HVO har teke i bruk dei fleste systema som ligg under nasjonale felleskomponentar. Ved innføring av digital postkasse vart det utført ROS-analyse knytt til bruken av denne tenesta. Alle desse tenestene er viktige for HVO, men ikkje kritiske for verksemda ved kortare driftsstans.

Dei siste åra har vi lagt stor vekt på å styrke den interne kunnskapen og verksemdukulturen innan informasjonstryggleik. Under nasjonal tryggleiksmånad i oktober hadde vi arrangement i samarbeid med Uninett og NorsIS. Vi har også arrangert kurs i informasjonsstryggleik og vi legg vekt på jamlege informasjonstiltak til tilsette om ulike farar og truslar.

Leinga sin gjennomgang (LG) viser at dei avvika og hendingane vi har hatt i 2016 er blitt handterte godt. Vidare viser LG at dei erfaringane vi har hatt med ulike hendingar i 2016, har ført til forbetring av rutinar for å hindre eller minimere skade. LG viser også at den informasjonen som IT-kontoret har sendt ut knytt til ulike hendingar har gjort at tilsette har fått auka medvit om informasjonstryggleik. Rutine for melding og handtering av avvik knytt til informasjonsstryggleik er under utarbeidning som ein del av internkontrollprosjektet og vil vere ferdig i løpet av 2017.

Arbeidsmiljøutvalet er aktivt og godt fungerande. AMU held oversikt over status om sjukefravær, fysisk og psykisk arbeidsmiljø samt kontinuerleg arbeid som leiaropplæring, vernerundar og medarbeidarsamtalar.

Samarbeidet med bedriftshelsetenesta Stamina er godt, og avtalen er forlenga ut 2017. Ergonomiske tiltak og systematisk oppfølging etter arbeidsmiljøkartlegginga ARK har vore prioriterte område i 2016.

### Lærlingar

Det er per dato tilsett tre lærlingar ved HVO, den eine skal ta fagbrev i år. Det er lyst ut ein ny læringsplass med start i august 2017. Frå hausten 2017 vil HVO etter planen ha to lærlingar tilsett innan lærefaget IKT, og ein innan kontor- og servicefag. Dette er dei lærefaga som vert vurderte som mest aktuelle for HVO.

### Brukarorientering

HVO har gjennomført to eksterne studieprogramevaluerin-

gar i tillegg til alle undersøkingane som blir gjort i samband med kvalitetsarbeidet. Ei kandidatundersøking og ei undersøking blant arbeidslivrepresentantar som tilset våre kandidatar, var ein del av den eksterne undersøkinga. HVO har i 2016 brukt mykje ressursar for å oppnå høgast mogeleg deltaking i Studiebarometeret.no. Vi meiner at denne undersøkinga gir viktige tilbakemeldingar til korleis studentane oppfattar kjerneverksemda vår. Svarprosenten var 76 i 2016. Vi har også ei meldingsteneste for studentar – ris og ros - som går direkte til studiedirektøren for oppfølging. Internasjonalt kontor gjennomfører kvart semester ei undersøking av dei innreisande studentane om korleis dei opplever alt frå studierelaterte tema til sosiale forhold under opphaldet.

HVO er fast medlem i Rådet for kompetanseheving i barnehage og skule i Møre og Romsdal, og vi møter på alle samlingar for regionleiarane i barnehage/skule. HVO møter også regionen gjennom Ut-dannings- og karrieredagane som kvart år blir arrangert ved HVO. Forskingsdagane 2016 vart gjennomført med 26 arrangement i fire kommunar (Volda, Ørsta, Ulstein og Ålesund). HVO deltek i regionale nettverk for samarbeid mellom næringsliv som har generert BOA-aktivitet. Her sørvar vi lokalt næringsliv, kompetansesenter og andre organisasjonar med formidlingskompetanse- og utviklingsprosjekt. HVO har tett samarbeid med Sunnmøre Kulturnæringshage og dei ulike næringsfora i regionen der vi utvekslar studentar og tilsette i ulike BOA-prosjekt. Siste åra har dette gjeve god fagleg utvikling og generert inntekter til avdelingane – samt auka sjansen for at studentar har får ein fot innafor arbeidslivet også lokalt.

### Likestilling, diskriminering og tilgjengeleighet

Høgskulen i Volda skal gjennom eigen personalpolitikk medverke til eit godt arbeidsmiljø prega av inkludering, mangfold og likestilling. Handlingsplan for likestilling og mangfold 2016-2020 vart revisert i 2016. Det vart lagt ned eit omfattande arbeid med å planlegge, forankre og utarbeide planen. Revidert handlingsplan vart godkjent av høgskulestyret i januar 2016.

Utvalet for likestilling og mangfold har som oppgåve å følgje opp, overvake og vere pådrivar for arbeidet med likestilling og mangfold. Utvalet har mellom anna vore pådrivar for seminaret «Likestilling og karrierebygging i akademia» som blir arrangert i februar 2017. Utvalet bidrog til søknad om midlar frå Kifinfo for å fremme likestilling og mangfold. Det har vore fire møte i 2016.

Statusrapportering om likestilling, diskriminering og tilgjengelighet i 2016 følgjer UHR sin mal for rapportering, og er vedlegg til årsrapporten.



## Del V: Vurdering av framtidsutsikter

HVO har desse hovudsatsingane i 2017:

### Dei nye grunnskulelærarutdanningane

HVO har lagt ned mykje arbeid i akkrediteringa av GLU. Planverket er såleis på plass. Vi har knytt til oss toppkompetanse (II-ar stillingar) i sentrale skulefag. Vi er godt rusta til å drifta dei nye utdanningane. I 2017 blir det arbeidd med å styrke studieiarfunksjonen og heve kompetansen til praksisrettleiarane. Når det gjeld rekruttering, er det løyvd ekstra midlar til GLU. Dei nye grunnskulelærarutdanningane blir framheva i informasjonsmateriellet til HVO og på messer – særleg 1-7. GLU blir prioritert i rekrutteringsarbeidet både regionalt og nasjonalt.

### Planlegging av nybygg for mediefaga

Det høgast prioriterte tiltaket i campusutviklingsplanen er å føre opp eit nybygg for mediefaga som kurantprosjekt. Det er no etablert eit prosjekt for å realisere dette tiltaket. I vårsemesteret 2017 blir det arbeidd med romprogrammet. Til hausten skal det arbeidast med skisseprosjekt. Målet er at nybygget skal stå ferdig hausten 2020.

### Betre gjennomstrøyming på masterutdanningane

Som del av ei utgreiing til Strategisk studienemnd vart det gjort ei vurdering av fråfallet på alle mastergradane hausten 2016. I tillegg vart det gjort ei spørjeundersøking son omfatta alle som slutta i perioden 2011-2015 ved to av mastergradene. Strategisk studienemnd drøfta utgreiinga og gjorde vedtak om å setje ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide vidare med fråfallet og tilrå tiltak for å hindre fråfall og auke gjennomstrøyminga. Denne gruppa skal mellom anna vurdere studieprogramstrukturen på masternivå og om HVO skal opprette erfaringsbaserte mastergrader der det passar med profilen vår. Gruppa skal også vurdere omorganisering eller samanslåing av eksisterande masterprogram. På fleire mastergrader har fleire tiltak alt blitt sett i verk. Til dømes lager ein oppfølgingsplan for dei som skal levere masteroppgåve. Studentar som er forseinka må gjenomføre statusmøte med studiekoordinator og eventuelt rettleiar og lage ny framdriftsplan.

### Auke i eksterne inntekter

Det er gjennomført tiltak for å auke dei eksterne inntektene. Mellom anna er ansvaret for BOA i stor grad flytta ut på avdelingane. Dei to største avdelingane vurderer også å tilsette prodekanar for forsking. Avdelingane har også gjennom budsjettet fått klare forventningar om auka BOA-aktivitet. Dekanane prioriterer BOA-aktivitet i dei individuelle arbeidsplanane. Dette ser ut til å gi resultat slik at i 2016-2017 vil vi sjå ei positiv utvikling i BOA-inntekter.

Vi kanaliserer forskingsmidlar frå fellesnivået på HVO i aukande grad gjennom forskingsgrupper. Det gjeld både satsingsmidlar og FoU-stipend. Forskingsgruppene er sjølvorganiserte, og i handlingsdelen av den nye strategiplanen seier styret at meir av aktivitetene bør organiserast i forskingsgrupper.

Det er ein ny situasjon for Høgskulen i Volda når Møreforsking Volda no ikkje har aktivitet. Møreforsking Volda AS var tenkt å vere oppdragseininga til Høgskulen i Volda. Vi har i mars 2017 sett ned ei arbeidsgruppe som skal kome med framlegg til korleis vi skal organisere oss i høve til oppdragsaktivitet i framtida. Dette er i tråd med handlingsdelen av strategiplanen.

### Sektormål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forsking

#### Styringsparameter KD

- Delen bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid
- Delen masterkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid
- Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år
- Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar
- Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten
- Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk
- Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk
- Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar

#### Utdanning

Talet på studentar ved HVO har stabilisert seg på eit høgt nivå. Det er ikkje eit generelt mål å auke særleg meir. Grunnskulelærarutdanningane har fått skjerpa opptakskrav frå 2016 og i 2017 skal vi starte opp med utdanningar på masternivå. Vi må rekne med at begge desse endringane vil føre til nedgang i tal studentar på grunnskulelærarutdanningane.

For å tilfredsstille behovet for lærarar i regionen og for å få ei meir berekraftig drift, er det ei prioritert oppgåve å auke opptaket på grunnskulelærarutdanningane, og særleg på 1 - 7. Vi må også auke studenttalet på nokre av masterutdanningane. Samstundes er det eit prioritert mål å auke søkinga til studia våre generelt. Vi ønskjer større konkurranse om studieplassane for å sikre oss godt kvalifiserte og sterkt motiverte studentar. Det vil gi betre gjennomstrøyming, meir inspirerande læringsmiljø og betre omdøme.

HVO er blant dei beste i landet på gjennomføring i bachelorutdanningane og lærarutdanningane, men når det gjeld masterprogramma varierer fullføringa ein del. Graden av gjennomstrøyming varierer også mellom studia. På nokre er fråfallet større enn vi ønskjer.

#### Mediefaga

HVO har det største mediefagmiljøet i landet, og vi har ambisjon om å vere i fremste rekke i Skandinavia på yrkesretta medieutdanningar. Ny engelskspråkleg master i mediefag er godkjent av NOKUT. Den startar opp hausten 2017. Målet er å rekruttere breitt både nasjonalt og internasjonalt. Studentar frå alle bachelorprogramma i mediefag på HVO får tilgang til den nye masteren. Dette er i tråd med målsetningane til HVO og vil styrke mediemiljøet totalt. HVO har god kvalitet i medieutdanningane, men bygningane er ikkje tilfredsstillande og eit nytt bygg for mediefaga er under planlegging. Det er også ei utfordring å henge med utstyrsmessig.

#### Nynorsk

Høgskulen i Volda profilerer seg med å ta eit ekstra ansvar for nynorsk språk og kultur. Vi har eit eige Forskingssenter for skriftkultur, Master i nynorsk skriftkultur og vidareutdanning i Nynorsk i opplæringa. HVO samarbeider nært med Nynorsk kultursentrum (Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda) og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa. Frå eit språkpolitisk perspektiv er det særleg viktig å ta vare på lærarutdanningane i Volda som er så sterkt knytte til det nynorske forskings- og formidlingsmiljøet. Lærarutdanning i ein region med nynorsk som hovudmål skal ha ekstra fokus på nynorsk i lærarutdanningane.

Det er ein ambisjon å styrke forskinga på nynorskfeltet. Dette vil mellom anna skje i samarbeid med nynorsknettverket i UH-nett Vest.

#### Lærarutdanningane

Målretta satsing på forsking og kompetanseheving over tid gjer at vi i dag har godt kvalifiserte fagpersonar. Tilhøva ligg såleis til rette for å drife dei nye grunnskulelærarutdanningane ved HVO.

Vår ambisjon er at vi skal tilby PPU på masternivå. Det er viktig både for å dekkje behova for lærarar i regionen og for halde oppe og utvikle dei gode fagmiljøa.

HVO vil prioritere vidare utvikling av den nye barnehagelærarutdanninga. Vi vil vere ein sentral utviklingsaktør i høve barnehage og skule i regionen. Det skjer som før i tett samarbeid med fylkesmannembetet og skule- og barnehageigarane.

#### Samfunnssfaga

Fagtilboda ved avdeling for Samfunnssfag og historie (ASH) er i hovudsak retta mot ein omstillingsprega offentleg sektor. Det gjeld velferds- og helsetenestene, kommunal- og regional sektor og utdanning. I samarbeid med yrkesfeltet vidareutviklar vi våre utdanningstilbod på bachelor og masternivå og vår portefølje av etter- og vidareutdanning.

Historiefaget har ein profil som vektlegg regionale problemstillingar og komparative perspektiv på samfunn i endring. Det gjeld næringsutvikling, politikk og politisk mobilisering, sentrum-periferi relasjoner og kulturmøte.

Mastertilboda ved ASH er samlingsbaserte og rekrutterer vidt geografisk. Det er difor viktig å tenkje arbeidsdeling, samordning og samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar i vår region, slik at vi supplerer kvarandre og ikkje konkurrerer med dei same tilboda. ASH arbeider med å få til saumlause overgangar mellom studium ved HVO og Universitetet i Bergen.

Doktorgraden i samarbeid med Høgskolen i Molde kom i drift frå hausten 2015, og har god söking. Fagleg sett er dette tilbodet nært knytt til ASH, men doktorgraden er og skal vere relevant for fleire avdelingar ved HVO, og er slik eit ansvar og eit tilbod for heile høgskulen.

#### Dei praktiske og estetiske faga

Ein viktig del av profilen vår er at vi har satsa på dei praktiske og estetiske faga. Med over 40 stillingar knytte til desse faga, og 9 nye doktorgrader under arbeid, er dette eit fagmiljø som utmerkjer seg i nasjonal samanheng. Vidare utvikling av dei praktiske og estetiske faga kan skje i samarbeid med andre institusjonar på Vestlandet.

Dei praktiske og estetiske faga er i gang med å utvikle mastertilbod. Dette er i tråd med høgskulen si målsetting om at alle BA-studentane på HVO skal ha eit MA-tilbod innanfor sitt fagområde. Høgskulen vil satse på utvikling av ein brei mastergrad innanfor desse faga.

#### Forskins - og utviklingsarbeid

Høgskulen sine forskingsområde ligg innanfor humaniora og samfunnssfag i vid tyding. I nokre av desse er det stort potensial for eksterne prosjekt gjennom NFR og EU-program eller oppdrag for regionalt næringsliv. I andre fag er det få slike midlar å hente. Høgskulen må bli betre på å utnytte høvet der det finst relevante utslysingar og moglege samarbeidspartnarar. Samstundes må vi i stor grad basere oss på at FoU-aktiviteten er finansiert gjennom stillingsressursen. Difor er det eit hovudsiktemål å sikre betre utnyttinga av han.

Strategien er å få meir konsentrert tid til FoU, fleire aktive forskrarar, betre kollegarettleiring, gode støttetiltak for stipendiatane, fleire kvinner i toppstillingar og auka søknads- og prosjektleatingskompetanse. Viktige tiltak elles er å betre finansieringa av FoU-stipenda, oppretthalde og forbetra systemet for premiering av fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, prioritere kvinner som er nær toppkompetanse ved søkerar om stipend og forskingstid, og spreie meir informasjon om gode FoU-resultat. HVO vil sette i verk relevante tiltak for å møte desse utfordringane. I 2017 prioriterer vi styrking av budsjettposten for vikar ved FoU-stipend, såkornmidlar og vidareføring av professorstipend. Mykje av FoU-verksemda ved HVO er profesjonsretta.

Høgskulen starta i 2014 eit arbeid med å la forskarinitierte og forskarstyrte forskingsgrupper få tydelegare roller og forventningar i kunnskapsutviklinga ved høgskulen. Forskingsgrupper vil ha ulike roller på ulike fagområde ut frå faga sine føresetnader. Høgskulen har som ambisjon å avklare desse gruppene sine potensial i lokal og nasjonal kunnskapsutvikling, forskingssamarbeid og prosjektarbeid.

### **Internasjonalisering**

Når det gjeld ambisjonane for internasjonalisering, har HVO allereie underteikna samarbeidsavtale med University of Cardiff i samband med den godkjende PhD-utdanninga i helse- og sosial. Vi har også ein dobbelgrad i mediefag med Universitetet i Kiel.

Målet er framleis å ligge i nasjonal tet når det gjeld studentutveksling.

*Verksemål 1.1: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktiv høgskule både regionalt og nasjonalt.*

### **Styringsparametrar:**

- Tal sokjarar per studieplass
- Søkning til Høgskulen i Volda gjennom Samordna Opptak
- Tal nye studentar på GLU

### **Risikovurderinger:**

Svak søkning til fleire av grunnutdanningane kan gjøre det vanskeleg å desse måla. Sjølv om vi hadde eit bra opptak av nye studentar i 2016, har vi framleis ikkje god nok rekruttering til grunnskulelærarutdanningane. Endringar i opptakskrav og omlegging av studia vil gjøre det vanskeleg å oppretthalde rekrutteringa til Grunnskulelærarutdanningane (GLU) og PPU allmennfag dei komande åra. Dersom rekrutteringa sviktar, må vi redusere fagtilboda i GLU. Dårleg rekruttering til GLU er det største trugsmålet mot HVO. Vi ønskjer oss også meir konkurranse om studieplassane til dei andre velferdsutdanningane. Velferdsstatens yrke har over tid generelt sett ikkje hatt høg nok status. Det har i tillegg lenge vore lett tilgang på godt løna arbeid i privat sektor i regionen, men dette har endra seg ein del den siste tida. Det er likevel ei nasjonal oppgåve å møte framtidige behov for å løyse oppgåvene i velferdsstaten gjennom å ta ansvar for å gjøre velferdsutdanningane meir attraktive.

### **Tiltak:**

- Vidareutvikle rekrutteringsplanen med prioriteringar av lærarutdanningane, den nye masterutdanninga i mediefag og fleksible vidareutdanningar.
- Bruke studentar meir i dei interaktive sosiale media knytt til rekruttering.
- Gjennomføre forkurs for studentar som ikkje fyller matematikk kravet for GLU
- I samarbeid med Samskipnaden, utvikle vidare fortrinna ved å vere ein relativt liten utdanningsinstitusjon med små avstandar mellom studentar, tilsette og leiing

*Verksemål 1.2: Høgskulen i Volda skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.*

### **Styringsparametrar:**

- Gjennomføring på normert tid
- Kvalitative:
- Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma

### **Risikovurderinger:**

Måloppnåinga her heng saman med 1.1. Dersom ikkje HVO får gode og motiverte studentar, kan det føre til fråfall som går ut over gjennomstrøyminga. Det er likevel slik at måloppnåinga i høve gjennomføring på normert tid på HVO på BA-studia er godt over landsgjennomsnittet. Dersom undervisnings- og vurderingsformene i studia ikkje er tilpassa læringsutbyttet, kan det også gå ut over måloppnåinga. Det er vidare viktig å ha god nok kontakt med praksisfeltet, og syte for at studia har rette relevansen for arbeidslivet.

### **Tiltak:**

- Nyte resultat frå Studiebarometeret til å utvikle studiekvaliteten
- Gjennomføre programevalueringar og brukarundersøkingar om studentsørvis
- Gje studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid
- Målretta innsats for å auke kvaliteten på dei nettbaserte studia våre

*Verksemål 1.3: Høgskulen i Volda skal oppnå betre FoU-resultat ved god tilrettelegging.*

### **Styringsparametrar:**

- Tal nasjonale publiseringspoeng per fagtilsett

### **Risikovurderinger:**

Ei utfordring er at forskingsverksemda vert nedprioritert i høve til undervisninga. Ein føresetnad for effektiv forsking kan vere meir samanhengande tid til FoU. Det må også arbeidest for å sikre at mykje av FoU-arbeidet er innretta mot sentrale område i utdanningane våre. Tap av toppkompetanse kan også skje ved at tilsette vel å gå til andre institusjonar.

### **Tiltak:**

- Styrke forskingsaktivitetene gjennom auka bruk av professor 2-stillingar
- Organisere meir av FoU-arbeidet i grupper
- Etablere ei forskingsgruppe saman med andre institusjonar innanfor nynorskfeltet
- Legge til rette for at forskinga handlar om sentrale delar i utdanningane våre

*Verksemål 1.4: Høgskulen i Volda skal syte for god gjennomføring av forskarutdanninga.*

**Styringsparametar:**

- Del uteksaminerte kandidatar tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare

**Risikovurderingar:**

Ei vellukka forskarutdanning avheng av fleire faktorar: til dømes kandidaten si evne og livssituasjon, kvaliteten på rettleiinga og på støtteapparatet rundt. Eit trugsmål mot måloppnåinga er om oppfølginga av stipendiatar ikkje er god nok. Dette gjeld både oppfølginga ved dei doktorgradsgivande institusjonane og ved Høgskulen i Volda.

**Tiltak:**

- Leggje til rette for gode forskingsmiljø med felles seminar og rettleiing for stipendiatane
- Leggje til rette for at stipendiatar kan ha kortare eller lengre utanlandsopphold
- Prøve ut ordning med pre-kvalifisering for stipendiatsøkjrarar

*Verksemdmål 1.5: Høgskulen i Volda skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane.*

**Styringsparametar:**

- Tal på utvekslingsstudentar – inn- og utreisande
- Tal på engelskspråklege studietilbod

- Kvalitative: Alle studentar skal kunne få ein internasjonal komponent i utdanninga og velje mellom relevante tilbod for praksis- og studieopphald i utlandet.

**Risikovurderingar:**

Høg kvalitet er avhengig av at dei fagtilsette har nok ressursar, både tidsmessig og økonomisk, til å reise på partnarbesøk og ta imot partnarar.

Å koordinere, oppretthalde og eventuelt auke mobiliteten krev mange ressursar. Høgskulen i Volda har knappe ressursar, men har så langt greidd å halde oppe eit godt internasjonalt nettverk som gir studentane våre store mange val.

**Tiltak:**

- Leggje til rette for og kvalitetssikre studieopphald ved utanlandske lærestader
- Utvikle tettare samarbeid med utvalde utanlandske lærestader (strategiske partnarar)
- Utvikle fleire engelskspråklege emne
- Auke talet på søknader om midlar frå internasjonale utdannings- og forskingsprogram
- Nytte Erasmus+ programmet til å auke studentutvekslinga

Tabell til sektormål 1	Resultat					Ambisjons-nivå
	2012	2013	2014	2015	2016	
Talet på primærskjurar i samordna opptak	1 496	1 196	1 247	1 200	1 169	1 300
Talet på primærskjurar per studieplass	1,3	1,4	1,3	1,3	1,6	1,6
Oppnak til GLU	84	84	90	87	70	100
Del utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar				1,5 %	0,9 %	1,5 %
BA-kandidatar gjennomføring på normert tid				62 %	65 %	68 %
MA-kandidatar gjennomføring på normert tid				11 %	17 %	40 %
Publikasjonspoeng per fagleg årsverk	0,48	0,36	0,51	0,58	0,53	0,58
NFR-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1.000 kr)	19	17	13	12	13	15
Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk						
Delen ph.d. -kandidatar som gjennomfører innan seks år			45 %		75 %	75 %

## Sektormål 2 - Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

### Styringsparameter KD

- Delen masterkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning
- Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk
- Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk

### Generell vurdering

HVO har allereie ei brei kontaktflate med i første rekke aktørar innanfor det regionale arbeidslivet, men vi samarbeider også aktivt med nasjonale aktørar som er mottakarar av kandidatane våre. Høgskulen i Volda har jamleg møte med sentrale aktørar regionalt og nasjonalt om utdanning og forsking. I desse dialogane får vi innspel til forbetring av grunnutdanningane, og vi legg grunnlag for utvikling av tilpassa etter- og vidareutdanningstilbod. Den eksterne verksemda har auka dei seinare åra, men vi har framleis potensial for vekst, spesielt innanfor offentleg verksemd. Vi ser også muligheten i det private næringslivet og har teke fleire initiativ der.

Vi har reorganisert EVU-verksemda og gitt avdelingane større ansvar for å stimulere til auka aktivitet.

Formidling er ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt. Vi har utvikla vårt eige poengsystem for å stimulere formidlinga. Forskningsdagane er både god formidling og marknadsføring av HVO. Dei har hatt god oppslutning. Vi vil halde oppe innsatsen på desse områda.

*Verksemdmål 2.1: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktivt samarbeids-partnar i regional utvikling, innovasjon og verdiskaping.*

### Risikovurderinger:

Utfordringa er å få til ein god dialog med våre samarbeidspartnarar og å etablere møteplassar for å bli kjende med kvarandre. Det er viktig for måloppnåinga at sentrale aktørar kjenner til kva kompetanse HVO har. Det gjeld særleg innanfor det private næringslivet. Eit anna trugsmål kan vere konkurranse i marknaden.

Faste statlege og fylkeskommunale løyingar til Seanse – senter for

kunstproduksjon representerer eit gjennombrot etter lang tids arbeid med kunst for barn og unge ved HVO. Føresetnaden for drift av Seanse er at HVO held oppe aktiviteten innanfor kulturfaga og sikrar den faglege kompetansen på feltet. Gjennom samarbeid mellom Seanse, Sunnmøre Kulturnæringshage og studietilbod i etablering innanfor kulturnæringsane, kan HVO medverke til auka aktivitet i samband med kunstnarleg verksemd og frie kreative yrke.

### Tiltak:

- Vidareutvikle Seanse – senter for kunstproduksjon i samarbeid med KD, KUD og Møre og Romsdal fylke
- Delta aktivt i å utvikle ein kunnskapspark i Volda
- Følgje opp arbeidet med etablering av eit senter for innovasjon i velferdstestestene og helsesektoren
- Vidareutvikle samarbeidet med regionalt næringsliv og kommunenesektor gjennom Mobiliseringsprosjektet i Møre og Romsdal

*Verksemdmål 2.2: Høgskulen i Volda skal tilføre samfunnet resultata frå FoU-verksemda gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt.*

### Styringsparametrar:

- Tal interne FoU-poeng

### Risikovurderinger:

Dersom HVO ikkje lukkast med formidling, kan vi lett bli usynlege i regionen og oppfatta som mindre interessant. Næringslivet sine talerøy er mykje sterkare enn det offentlege. HVO har laga ei intern insentivordning som premierer formidling. Utfordringa er å få fleire til å vere aktive.

### Tiltak:

- Stimulere fagtilsette gjennom internt poengsystem til å drive foredragsverksemd, fagleg og populærvitenskapleg formidling og kritisk debatt om aktuelle samfunnsspørsmål
- Arrangere fagkonferansar og seminar med utspring i forskingsverksemda i samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale aktørar

Tabell til sektormål 2	Resultat						Ambisjons-nivå
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	
Andre BOA-inntekter utanom NFR og EU per fagleg årsverk	47	46	58	75	103	120	
Bidragsinntekter NFR per fagleg årsverk	19	17	13	12	13	20	
Tal interne FoU-poeng	6 822	6 939	6 917	6 353			7 000

## Sektor mål 3 – God tilgang til utdanning

### Styringsparameter KD

- Kandidattal på lærarutdanningane , jf. måltal

### Generell vurdering

#### Fleksible utdanningstilbod

HVO har mange fleksible studietilbod med god søkning. Fleire av dei er nettstudium. I åra framover vil vi vidareutvikle digitale undervisnings- og vurderingsformer. Vår ambisjon er framleis å vere blant dei aller beste på fleksible nettstøtta studietilbod. Dette stiller nye krav til pedagogisk og didaktisk kompetanse, infrastruktur og støttefunksjonar.

Livslang læring er viktig for å legge til rette for nødvendig omstilling og fornying for den einskilde og for samfunns- og arbeidslivet. Styresmaktene har lagt opp til ein stor vekst i vidareutdanningsmarknaden framover. HVO vil prioritere å vere aktiv med slike tilbod på alle område der vi har grunnutdanningar: skule, barnehage, helse- og sosial. Den største satsinga på etter- og vidareutdanning vil vere innanfor offentleg sektor. Men vi har også ambisjonar om å utvikle tilbod for næringslivet om leiing, religion, kulturforståing, språk, kriehandtering og media.

